



Arve Hagesæter
Radøyvegen 364
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1795 - 18/5650

Saksbehandlar:
Trine Merete Jansen
TrineMerete.Jansen@radoy.kommune.no

Dato:
02.05.2018

Referat frå møte i SU/SMU - Sæbø skule

Tid og stad: torsdag 5. april kl. 17:00, Sæbø skule.

Desse møtte:

Andrine Myksvoll Amundsen, Martin Taule Måge, Arve Hagesæter, Marte Klanderud, Solveig Elvik, Helene Fjermestad, Thor Inge Lone, Marit Hornnes, Trine Jansen

Desse møtte ikkje:

Agnes Hoshovde Bernes (politisk representant).

1. Innkalling godkjent.
2. Referat frå sist møte godkjent.
3. Elevundersøkelsen – Dei siste åra har det vore eit stort fokus på læringsmiljø og mobbing i skulen. Skulen har målretta arbeidd med dette og vi ser allereie resultat av det arbeidet. Dette arbeidet er ein viktig grunnstein i læringsarbeidet. Ein elev som vert mobba er ein elev for mykje. Vi kan lese av resultatet at det er ein tendens til at elevane opplever ein svakare motivasjon og læringskultur enn elevane i resten av landet. Motivasjon, innsats og læring er tett kobla saman. Vi må difor støtte elevane og arbeide for at dei skal vere motivert for innsats og læring.
Det er ein tydeleg tendens at lesekompetansen er eit av dei områda som må arbeidast systematisk med. Det bør vere ein målsetjing at elevane på Sæbø skule skal vera på nasjonalt snitt i lesing, rekning og engelsk. I dag er det ein del som manglar på det, noko som bør motivere både tilsette og foreldre til å støtte skulen med forventning både til elev, føresatt og skule. For å lukkast må alle aktørane dra i same retning.

For 7. trinn scorar elevane nesten gjennomgåande på landssnittet. Det ser og ut som ein har lukkast med å skape felles reglar og oppfølging som er viktig for at elevane skal oppleve skulekvardagen trygg og likeverdig. Generelt kan ein seie at det ut i frå data for 7. trinn er det ingen dramatiske utslag. Det er mange av indikatorane som er positive.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



Det er kjekt å sjå at satsinga på trygge skulemiljø og nulltoleranse for krenkingar ser så langt ut til å lukkast. Indikatoren mobba av andre elevar på skulen scorar 7. trinn over landssnittet, noko som vil sei mindre mobbing enn i resten av landet. Dette området vil krevje kontinuerleg fokus og ein er aldri i «mål», sjølv med gode resultat. Med ein score på 5, er det ingen som rapporterer at dei vert mobba på skulen. Fortsatt fokus på arbeidet med å skape eit trygt og godt læringsmiljø er viktig vidare.

4. Temakveld i regi av «Barnevakten» for føresette. Vi sender ut invitasjon på måndag 16. april. Då får alle elevar ein papirversjon med heim. Vi sender ut via Visma i tillegg, der vi skriv ein Epost med litt meir utfyllande informasjon om arrangementet. Vi legg i tillegg ut eit arrangement på facebookside vår.
Det vil også gå ut ei påminning på SMS og på facebookside nokre dagar før. Vi er einige om å opne opp for at andre vaksne i miljøet kring eleven kan delta på fellesdelen i gymsalen.
5. Uteområdet: Etter møter i arbeidsgruppa, elevrådet og Fau, er vi no einige i kva prioriteringar som må gjerast. Vi ønskjer at område på framsida av skulen skal prioriterast. Vi vil prioritera grunnarbeid, drenering, og at det vert lagt asfaltdekke på heile plassen. Vidare ønskjer vi at gamle leikeapparat vert fjerne og erstatta med nye. Det er då ønskjeleg å etablere nye leikeapparat som foreslått i mogelegheitsstudiet, men med tilpassa plassering. Særleg trampolinar er ønskjeleg som ein del av leikeområdet. Vi ønskjer å behalde den eksisterande boden, men at bygget vert tilpassa med eventuelt større overbygg og betre tilrettelegging med tanke på innramming og kantar. Det er ønskjeleg at det vert sett opp eit gjerde som ramme kring eit område. Dette kan ein gjere etter at området er asfaltert.
6. Eventuelt: Open kveld for føresette og elevar vert gjennomført onsdag 18. april.

Med helsing

Trine Merete Jansen
Rektor Sæbø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Agnes Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Andrine Myksvoll Amundsen			
Arve Hagesæter	Radøyvegen 364	5938	SÆBØVÅGEN
Helene Fjermestad			
Kari Mette Ulvatn Bø			
Marit Hornnes			
Marte Kristin Merkesdal Klanderud	Nordre Austmarka 60	5938	SÆBØVÅGEN
Martin Taule Måge	Radøyvegen 968	5938	SÆBØVÅGEN
Solveig Beate Elvik	Slettevegen 100	5936	MANGER
Thor Inge Lone			
Trine Merete Jansen			